

Årets første fangst i Uskedalselva

06.03.2016



Foto: Anbjørn Høivik

Stormane i haust og vinter har spreidd ein del siloplast, og mykje av dette har tydeleg gått på elva. Lange strekningar av Uskedalselva er no skjemma av plast på avvege. Elveeigarlaget ber no grunneigarane gjere ein innsats for å fjelga elvebreidda. Bøndene i dalen som nyttar siloballer vert bedne om å sjekke fôrlageret og sorgje for at vinden ikkje får tak i bruk plast.

Biletet viser ein bit frå ei av sideelvane og slik ser det diverre ut mange stader i hovudvassdraget no. På berre 2-300 meter vart det i dag plukka ca. 15 kg plast, og dette var på ei strekkje med relativt lite søppel.

Elva har no særslig låg vasstand og det er gode moglegheiter for å reinska opp litt. Det er fint om kvar av grunneigarane nyttar dei gode tilhøva dei komande dagane og plukkar plast der elva renn over eigen eigedom og elles langs gjerde og skogbrynn der plasten samlar seg. For fleire vil dette vere å rydda etter andre, men denne fjelginga gjør seg diverre ikkje sjølv.

Dei som nyttar siloballar bør i tillegg:

- Sjekke fôrlageret for flagrande plast.
- Sørgje for at bruk plast vert mellomlagra slik at vinden ikkje kan få tak.
- Levera bruk plast til godkjent mottak (gratis hos Eikeland på Sandvik i Dimmelsvik, sjå <http://www.grontpunkt.no/gjenvinning/næringsliv-og-landbruk/folie>)

Tekst og foto: Anbjørn Høivik, leiar i Uskedal grunn- og elveeigarlag

Nett: Thor Inge Døssland